

Skal byggja bustader på Hamre

► Hamre Eiendomsutvikling AS har sendt varsel om oppstart av privat reguleringsarbeid for Andreasbakane på Hamre på Osterøy. Utførende konsulent er Arkoconsult AS.

Planområdet er på om lag 66 dekar og er i gjeldande kommuneplan sett av til byggeområde for framtidig bustad. Føremålet med planarbeidet er å utarbeida detaljregulering på Hamre og leggja til rette for utbygging av eine- og fleirmannsbustader med tilhøyrande veg og grøntareal.

Eventuelle innspel skal sendast skriftleg til plankonsulenten innan 29. august.

Tok garasjetyv

► Onsdag klokken 21.15 tok politiet en innbruddstyv på fersken idet han brøt seg inn i en garasje på Revahjellane. Vedkommende, en kjenning av politiet, ble satt i fengslet forvaring.



Trafikkulukke på Espeland

► Like etter klokka 12.00 tysdag rapporterte politiet i Hordaland at naudetatane var på veg til Espeland etter melding om ei trafikkulukke.

Ein personbil vart påkøyrd bakfrå av ein annan bil, på Hardangervegen like ved Hjelle bakeri. Både ambulanse, politi og brannvesen kom kjapt til staden.

Det var berre snakk om materielle skadar, og begge bilane vart etter kvart flytta vekk frå vegen.

Stal veske

► Det gjeld å passa godt på verdisakene sine i sommar. Ein turist på veg frå Bergen til Oslo vart måndag ved 13.30-tida fråstolen ei veske på Arna stasjon. To menn gjekk av toget i Arna og tok i same slengen med seg veska. Politioverbetjent Stig Slaatten ved Arna og Åsane politistasjon opplyser at dei håpar å ha videoopptak av hendinga. Det er uvisst kva som var i veska.



ELSKAR REGN: Ingri Halland frå Halland på Osterøy har ikkje tenkt å gje seg på skulebenken før ho har tatt doktorgrad. Målet er å få jobb på universitetet. Foto: Ronny Bertelsen

Vil ta doktorgrad p

Allereie i 10. klasse bestemte Ingri Halland seg for at ho ville ta høgare utdanning og bli meteorolog.

Ronny Bertelsen
ronny@bygdanytt.no

Bygdanytt treff studenten frå Osterøy på geofysisk institutt i Bergen, der ho har sommarjobb for ein av forskarane. Dei to held på med ein artikkel om utviklinga i nedbørsmengda for å kunna seia noko kvalifisert om kva vi kan rekna med i åra som kjem.

Før artikkelen blir publisert, truleg mot slutten av året, held 22-åringen korta tett til brystet.

Men ein kan vel seia at her på Vestlandet har vi litt godt nytt og litt dårleg nytt i vente.

Katastrofeprosjekt

—Det er utruleg moro å forska på veret. Alt lenge før eg gjekk i 10. klasse tykte eg vēr var spennande, og i 10. klasse skreiv eg prosjektoppgåve om naturkatastrofar.

— Så du elsker vēr?

—Ja, det er nesten slik at dess verre det er dess betre trivst eg. Drittvēr er fascinerande, ler Halland.

Til hausten tar ho til på andre året på masterstudiet, der temaet er klimadynamikk med fokus på meteorologi. Om eitt år er ho ferdig, og då er tanken å ta til på doktorgradsstudiet. Etter dette

håpar ho på ein forskarjobb på Universitet i Bergen.

Flest jenter

—Det blir fire år til på skulebenken, men eg elsker å sitja framom datamaskina og mata denne med informasjon. For somme

kan det kanskje høyrast kjedelig ut, men det hendar frå tid til annan at eg sjekkar klokka kor lenge det er att av arbeidsdagen, og det viser seg at den alt er over, smiler ostringen.

23-åringen har alltid likt å rekna, medan fysikktimane på vidaregåande var litt meir tunge å koma gjennom. I dag går fysikken strålende. Men det gjorde det openbart ikkje for alle som starta på same studiet som Halland for tre år sidan. Av 30 er det no berre ti att som skal ta til på masterstudiet. Blant dei 30 som byrja var det berre tre gutar, medan det no berre ei lita overvekt av jenter att.


Mange alternativ

—Kanskje vi snart får sjå deg på

”

Drittvēr er fascinerande.

Ingri Halland



y Bertelsen

å drittver

fjernsynsskjermen?

—Folk flest forbind meteorologen med å melda været på fjernsynet, men dette er berre ein svært liten del av det vi gjer. Til dømes for installasjonane i Nordsjøen og all båttrafikken særleg i utanriksfart er været svært viktig. Vêret kan faktisk bli så dårleg at både rederia og oljeselskapa treng varsel i god tid for å førebu seg på det, seier Halland.

—Kan du jobba med noko anna enn vêr når du er ferdig utdanna?

—Ja, eg kan jobba både som lærar og i det private, særleg hos bedrifter som jobbar mykje med instrument. Så det er mange dører som er opne. Det er nok bra, for det er vanskeleg å få fast jobb

som forskar på Universitetet i Bergen. Det dukkar opp både vikariat og mellombelse stillingar,

men ein kan gå i mange før ein får fast jobb. Vi får sjå kva som skjer, smiler Ingri Halland.

FAKTA •

UTDANNINGSNIVÅ

Prosentdel menn og kvinner med høg utdanning i 1990 og 2013.

	1990		2013		Differanse (prosentpoeng)
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Osterøy	8,3	8,6	13,4	22,2	8,8
Bergen	23,7	18,4	36,2	40,4	4,2
Hordaland	17,9	14,9	28,2	34,6	6,4
Noreg	16,9	14,3	27,4	33,3	5,9

KILDE: SSB

No rykkjer kvinnene frå mennene

I 1990 hadde mennene og kvinnene like høg utdanning i Osterøy kommune. I dag ligg kvinnene på eit klart høgare nivå, og avstanden ser berre ut til å auka.

Yngve Johnsen
bn@bygdanytt.no



SAMANSETT: Forskar Per Olav Aamodt hos NIFU seier at den tydelege utviklinga blant høgtutdanna kvinner og menn er samansette og kompleks. Kvinnene har på dei siste 25-30 åra sust forbi mennene når det kjem til utdanningsnivå. Foto: Pressefoto

—Frå eitt år til det neste skjer det ingen store forandringar i utdanningsnivået i befolkninga. Det er i eit litt lengre tidsperspektiv vi ser endringar, konstaterer Statistisk sentralbyrå i sin ferske artikkel om utdanningsnivået i Noreg. Vi har sett nærmare på utviklinga i Osterøy sidan 1990 og fram til i dag.

I løpet av dei siste 25-30 åra har auken i delen kvinner med høgare utdanning vore mykje større enn for menn. Befolkninga i Osterøy hjelper heilt klart til denne utviklinga.

Ein av tre kvinner

Frå 1990 til 2013 har delen høgt utdanna i Noreg auka med 19 prosentpoeng for kvinner og 10,5 prosentpoeng for menn. I dag har kvar tredje norske kvinne over 16 år ei høgare utdanning, mens litt meir enn kvar fjerde norske mann har tilsvarende utdanning.

Høg utdanning tyder at ein har fullført universitets- og høgskulenivå med ei lengd på minst fire år. I Noreg har 27,4 prosent av mennene høg utdanning, og 33,3 prosent av kvinnene.

Del i Osterøy

I Osterøy kommune er det i dag berre 13,4 prosent av menn over 16 år som har høg utdanning, mens 22,2 prosent av kvinnene har det. Tilbake i 1990 var det berre 8,3 prosent av Osterøymennene som fall innanfor denne kategorien, og 8,6 prosent av kvinnene. Dei reelle tala for Osterøy kommune viser at 653 kvinner over 16 år hadde høg utdanning bak seg i 2013, mens 410 menn kunne skilta med slike papir, viser SSB-tala.

I Bergen kommune har delen menn med høg utdanning auka frå 23,7 prosent i 1990 til 36,2 prosent i 2013. Blant kvinnene har delen auka frå 18,4 til heile 40,4 prosent i den aktuelle perioden.

Komplisert

—Kvifor vi ser denne utviklinga er ikkje så lett å forklara. Studiar som helt fram til 70-talet var sterkt mannsdominerte er blitt balansert, som for eksempel juss og medisins. Det er no nesten berre tekniske fag som er klart mannsdominerte, seier forskar Per Olav Aamodt i Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

—Sjølve årsaksmonstret er komplisert, men det har noko å gjera med endringar i økonomien. Færre industriarbeidsplassar og fleire i service, ikkje minst i offentleg sektor. Det ser også ut til at gutar utan høgare utdanning har fleire attraktive jobbar å gå til, seier Aamodt.

Differansen

Skiljet mellom menn og kvinner i Noreg er i dag på 5,9 prosentpoeng, i favør av «det svake kjønn». Det er berre Kongsberg blant dei 428 kommunane i Noreg som har større del menn med høgare utdanning enn kvinner. Størst gap er det Kautokeino i Finnmark, med heile 22,2 prosentpoeng forskjell.

I Hordaland er det Bergen kommune som har minst forskjell (4,2 prosentpoeng), mens Modalen har størst (15,2). I Osterøy kommune er avstanden på 8,8 prosentpoeng.

—Korleis trur du denne utviklinga vil bli dei neste 10-15 åra? Vil kvinnene «rykkja ytterlegare frå»?

—Det er færre kvinner med høgare utdanning blant dei eldste, og dermed vil dei yngste sørgja for at dei framleis tek igjen mennene på yrke som er dominert av menn. Mest sannsynleg vil situasjonen stabilisera seg noko, kvinnedelen blant studentane har nemleg ikkje auka så mykje dei siste åra, seier Aamodt.

Bærum på topp

Det er Bærum kommune som har høgaste del høgt utdanna i Noreg, både blant kvinner og menn. Drygt 49 prosent av befolkninga over 16 år har høgare utdanning der.

I Oslo har nesten annakvar person på 16 år eller meir høgare utdanning, og dermed har hovudstaden det høgaste utdanningsnivået av alle fylka i landet. SSB forklarar dette med at det er fleire lærestader for høgare utdanning som er samla i hovudstaden.